



Stein Ove Valdersnes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1014 - 15/6764

Saksbehandlar:

Hanne-Mari Engen

hanne-mari.engen@radoy.kommune.no

Dato:

15.06.2015

Tilbakemelding på tilsynsrapport

Viser til rapport etter tilsyn på Hordabø skule, 03.03.2015.

(Tilbakemelding på avvik 4., 5. og 7. er rapportert på mail 10. april 2015.)

Avvik 1: Rutinar for systemrevisjon manglar (rutinar for gjennomgang av IK)

Svar: Me held på med å utarbeida gode IK-planar for rutinemessig oppfølging. Frist 31.12.2015 for ferdigstilling. Ansvar rektor.

Avvik 2: Skulen manglar vedlikehaldsplan. Skulen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald.

Svar: Einar Færø, leiar bygg, anlegg og VVA i Radøy kommune, seier det vert gjort løpande vedlikehald på kommunale bygg.

Avvik 8: Skulen manglar dokumentasjon på legionellakontroll (dusjanlegg). Risikovurdering må utførast, og rutinar for å førebyggje vekst og spreinga av legionella må utarbeidast.

Svar: Einar Færø har lova skulane månadlege rapportar på legionellakontroll på skulane.

Avvik 9: Skulens ute- og inneområde skal vera tobakksfrie. Skulen skal gjennom sitt internkontrollsystem kunna dokumentera at reglar vert fylgt. Skulen manglar denne dokumentasjonen.

Svar: Skuleadministrasjonen har hengt opp skilt om at røyking er forbode på strategiske stader på skulen, i april 2015. Alle tilsette på huset er informert om forbodet i april 2015.

Med helsing

Hanne-Mari Engen
rektor Hordabø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein Ove Valdersnes

NGIB Førebyggjande avdeling

Dok. senteret

5914

ISDALSTØ